Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6x

Tilleggsspørsmålnr. 6.

Emne: Folkelege Musikkinstrument.

Oppskr. av: Olav Furuset.

(adresse): Jømna st.

Fylke: Hedmark.

Herad: Elverum.

Bygdelag: Håberget krets.

Gard: Flisberget.

G.nr. 84 Br.nr. I

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Berre delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Oline Olastuen, husmor 71 ar. Flisberget, Kjernmoen p.a.

SVAR

I. Lurar av bjørkenever er den einaste type lurar som har vore brukt herover. Desse har oftast vore utstyrt med eit spalta halmstrå ~~xxxxxxxxxxxxxxx~~ for å skapa lyd når ein bles.

2. Orda halme eller harepipe er ukjent.

3. I Håbergsgrenda og Gravberget (Våler herrad) har ein gjort rangler av tørka ~~f~~ørhanastrupe (Tiur) La ~~g~~ i noen få småstein eller grusknott.
Dette er kjendt frå dei fleste grender i Elverum.

4. Skulle ein laga smellar på morro kunne ein blåse ein pose full av luft og slå han sund mot bordet d.t.
Ellers slo dei blomsterkrunene av engsmelle og småklokke mot handflata.
Det var morro å legge glør på ambolten og slå til dei med hammaren så det smalt.
Same verknaden kunne ein få om ein slo litt vatn på ein stein, la på ei glo og slo til med økshammaren.
Somme la svovel i dultholet på ein nøkel og slo ein spiker i. Smell fekk ein her og.
Ellers har det vore skikk til århundre skiftet å skyte over taket julekvelden. Det blir fortald mye om det over heile Elverum og Våler herrader.

5. Om dette har eg ikkje kunne finne noe.

7187